



Styremøte i Jotunfjell Fjordane EHK

8.januar 2010

Sakliste

1. Utstilling Førde budsjett – resultatrekneskap
2. Utstilling Lom budsjett – resultatrekneskap
3. Heimeside (ny side er no oppe og går.)
4. NM-bandhund (Klubbens beste NM-resultat)
5. Vervekampanje (korleis skal vi lettast sende ut folder)
6. Ny ansvarlig for laushundprøver
7. Pris jaktprøver/sporprøver/utstilling
8. Søknad jaktprøver / sporprøver(sporprøver er søkt om som i 09)
9. Søknad om utstilling 2011
10. Aktivitetsplan 2010
11. Årsmøte 2010

Desse møtte: Per Inge Solvang, Olve Steinset, Ola Auale, Idar Nygård og Asbjørn Hansen

Møte arrangert som telefonmøte. Møte tok til kl.19:00.

1. Utstilling Førde budsjett – resultatrekneskap

Vedlegg med oversikt var ikkje med i innkallinga til møte. Idar gjekk gjennom gjennom talmateriale han hadde. (Be om å få tilsendt vedlegg frå Idar)

2. Utstilling Lom budsjett – resultatrekneskap

Vedlegg med oversikt var ikkje med i innkallinga til møte. Idar gjekk gjennom gjennom talmateriale han hadde. (Be om å få tilsendt vedlegg frå Idar)

3. Heimeside (ny side er no oppe og går.)

Per Inge orienterte om arbeidet som var utført i samband med utforming av nye heimesider for klubben. Ved denne løysinga er det lettare å oppdatere sidene, lage ulike skjema til påmeldingar etc., samt at sidene er meir oversiktlege, lyse og med betre menystyring.

Olve orienterte om at han var i ferd med å få overført domene frå Visus AS til si verksemd, for lettare å kunne overføre domene til klubben når eige org.nr. var i orden.

4. NM-bandhund (Klubbens beste NM-resultat)

Per Inge orienterte om at Anders Solvik hadde oppnådd det beste resultatet på eit NM meisterskap nokon sinne for klubben. Han kom på ein 4.plass med sin hund Pei Fang Siko. Gratulasjonar er lagt ut på den nye heimesida vår.



5. Vervekampanje (korleis skal vi lettast sende ut folder)

Per Inge orienterte om at NEKF hadde laga ein ny vervefolder som han hadde fått tilsendt ein del av. Han hadde og snakka med Arild Visdal om det gjekk å få denne elektronisk, slik at den eventuelt kunne sendast med som vedlegg til mail. Han skulle undersøke dette. Styret var samde om at vi måtte nytte dette materiale i samband med våre arrangement, samt at kvar einskild kunne ha nokre eksemplar av denne foldaren til utdeling.

6. Ny ansvarlig for laushundprøver

- *Håvard Myrum 91362469 (påmelding)*
- *Per Erik Myrum 99253208*

7. Pris jaktprøver/sporprøver/utstilling

8. Søknad jaktprøver / sporprøver(sporprøver er søkt om som i 09)

Det må og søkast om jaktprøver dersom det ikkje er gjort.

9. Søknad om utstilling 2011

Det må sendast søknad om utstilling i Førde og Lom for 2011.

10. Aktivitetsplan 2010

- Aktivitetshelg i Randsverk
- Kurs bandhund
- Kurs laushund
- Kurs ettersøkshund
- Dressurkurs
- Vidaregåande kurs ettersøk
- Utstilling på Dombås
- Utstilling i Sogndal
- Jaktprøvar/sporprøvar ihht. terminliste.

11. Årsmøte 2010

Styret vedtok å kalle inn til årsmøte på Vågå Hotell 13.februar 2010. Per Inge legg ut innkalling til årsmøte på klubbens heimesider. Olve arbeider med utkast til årsmelding, som han sender rundt til medlemmane i styret. Han treng innspel til årsmeldinga både frå Per Inge og Idar.